

Årsplan 26/27 - føresette Haugland gardsbarnehage



1. Om barnehagen

Haugland gardsbarnehage er ein gardsbarnehage lokalisert i landlege omgjevnader. Barnehagen har nærleik til dyr, skog, mark og opne uteområde. Me nyttar garden aktivt i det pedagogiske arbeidet. Me er ein Unesco-barnehage og ein Grønt Flagg-barnehage og i dette ligg det eit utvida fokus på FN sine berekraftsmål. På garden er det mjølkekyr, storfe, eggproduksjon, korn og maskinar. Me besøker naboane sine sauer og griser.

Barnehagen har fokus på tryggleik, trivsel og utvikling for alle barn, og arbeider i tråd med Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen.

2. Verdigrunnlag

Me legg vekt på:

- Tryggleik og omsorg
- Respekt for kvarandre
- Naturglede og berekraft
- Inkludering og fellesskap
- Læring gjennom lek og erfaring

3. Barnegruppa

Barnehagen har plass til om lag 45 barn i alderen 1–6 år.

Barna er fordelte på avdelingar:

- Småbarnsavdeling (1–2 år) Gråtass
- Storbarnsavdeling (3–5 år) Bronnhuset og Løå

4. Personalet

Barnehagen har styrar, pedagogiske leiarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. I tillegg har me spesialpedagog og styrka bemanning. Me har rundt 11 årsverk i grunnbemanninga.

Personalet arbeider tett saman for å sikre eit trygt og utviklande miljø for barna.

Barnehagen har reinhaldar og vaktmeistertenester utanom

5. Satsingsområde 2026

- Natur, berekraft og kosthald
- Lesing, språk og kommunikasjon
- Sosial kompetanse, livsmeistring og robust oppvekstmiljø

6. Pedagogisk arbeid

Me arbeider temabasert gjennom året og tek utgangspunkt i barna sine interesser.

Leik er den viktigaste læringsarenaen, og me legg til rette for både fri leik og vaksenstyrte aktivitetar.

7. Årshjul

August:	Tilvenning, bli kjent, tryggleik
September:	Innhausting, brannvern og trafikksikring
Oktober:	Foredle innhausting, Forut og Erasmus
November:	Gardsliv, advent og førebuingar til julemarked
Desember:	Advent, jul og tradisjonar
Januar:	Førskulegruppa startar opp, kroppen
Februar:	Karneval, samane sin nasjonaldag, førstehjelp
Mars:	Påske
April:	Lemming, frå jord til bord, såing
Mai:	17. mai, vårvinna på garden, såing
Juni:	Overgangar, besøksveke, turar
Juli:	Sommarbarnehage, stengt veke 29 og 30

8. Dagsrytme

07:00–08:30: Levering og frileik
07:00–08:15: Frukost
09:00–11:00: Aktivitetar / tur / gardsarbeid
11:00–12:00: Lunsj
12:00–14:00: Kvile / leik
14:00–14:30: Fukt
14.30 - 16.30: Leik ute/inne og henting

9. Samarbeid med heimen

- Dagleg dialog
- Foreldremøte (2 gongar per år)
- Utviklingssamtalar (2 per år)
- Dugnad og arrangement

10. Dokumentasjon og vurdering

Me dokumenterer arbeidet gjennom bilete, observasjon og praksisforteljingar.

Dette vert brukt til refleksjon og vidare utvikling.

11. Overgangar

Nytt barnehageår startar 15.august. Me har 2 planleggingsdagar i oppstarten av nytt år.

Når nye barn skal starta i barnehagen, har me eit felles foreldremøte på våren, med omvising inne og ute. I august startar tilvenning med 5 dagar der føresette er med i tilvenninga. I august har me og oppstartsamtarar med foreldra om korleis tida heime har vore. Dersom barnet kjem frå ein annan barnehage er fokuset på korleis ein har hatt det i den andre barnehagen og heime.

Det året barnet vert 3 år, skal ein i august starta på stor avdeling. Me har fokus på å gjera overgangen trygg ved å ha hyppige besøk på ny avdeling og me har ei heil besøksveke i juni der ein er på ny avdeling saman med dei vaksne frå si avdeling. Me prøver så godt som det lar seg gjera å ha minimum ein vaksen frå småbarnsavdelinga med over til stor avdeling.

Skulestartarane får eige opplegg med fokus på sosial og emosjonell utvikling og livsmeistring til skulestart. Me har tett dialog med skulen barnet skal starta i om besøksdagar og opplegg på den enkelte skulen.

12. Metodebruk

Me bruker Marte Meo som ein metode i arbeidet. Dette er ein metode som nyttar film som grunnlag for refleksjon om vaksenrollen. Målet er å gje barn i barnehagen livsmeistring og god psykisk helse. Me brukar også COS-sirkelen som refleksjonsgrunnlag.

Me har eigen progresjonsplan for barns utvikling innan rammeplanen sine fagområde.

Kosthald er viktig i barnehagen og me har ein eigen kosthaldsplan. Me vektlegg kortreist og ureist mat, mest mogleg rein mat og ein variasjon av varm mat og smøremat. Her brukar me Matjungelen som teori og inspirasjon.

FN sine berekraftsmål er viktige i arbeidet med dyr, livet på land, demokrati, helse og utvikling etc.

13. Viktige datoar 26/27

Planleggingsdagar: barnehagen er stengd 17. og 18.august, 4.januar, 30.mars og 7.mai

Foreldremøte: 21. 9 og 3.mars

Stengde dagar: 24.12, 31.12, 24.3, veke 29 og 30 + alle røde dagar

Arrangement: 27.oktober Forut, 10.desember julemarked, 18.mars slektskaffe, 10.juni sommaravslutning

14. Frå verdigrunnlag til praksis:

 **FN sin barnekonvensjon** - Grunnleggjande rettar for alle barn



 **Barnehagelova** - Lovgrunnlaget for barnehagedrift i Norge



 **Rammeplan for barnehagen** - Nasjonale føringar for innhald og oppgåver



 **Årsplan** - Barnehagen sin lokale plan for året



 **Periode- / temaplan** - Planar for tema og fokus over tid



 **Månadsplan** - Kva som skjer denne månaden



 **Vekeplan / dagsplan** - Detaljert plan for kvardagen



 **Pedagogisk praksis** - Det barna opplever kvar dag

 **Viktig å hugse:** Alt heng saman – frå dei store verdiane til dei små kvardagsaugeblikka. Barnet sitt beste skal alltid vere i sentrum 

